



BYGDABREV

FOR USKEDALEN



Anno: III/ utgåve: 3

Utgjevar: USKEDALEN UTVIKLING

Oktober 1998

KLEIVADALSSVINGEN


Endeleg klart for oppstart av gang og sykkelveg.

Etter at kommunestyret sa ja til forskottering av gang- og sykkelvegen Korsnes – Uskedalen sentrum er det klart for oppstart av arbeidet no i haust.

Uskedal Utvikling er klar med rivinga av bustadhuset i Kleivadalssvingen. Kommunen lyste ut rivinga på tilbod. Uskedal Utvikling fekk arbeidet med sitt tilbod på Kr. 25.000, som no er kommen inn på laget sin bankkonto.

Arbeidet vart gjort på dugnad, der enkelte personar gjorde ein stor innsats.

Uskedal Utvikling vil takka alle som var med på dugnaden. Vi vonar at arbeidet med gang- og sykkelvegen kan starta opp straks.



Kun grunnmuren står att

Vi ønsker å være her for Deg!

Restaurant, kafé, dans
og dagens middag
Kontakt oss for alle
slags arrangement!



Krambua Gåveforetning

Messing
Porselen Dukker
Steintøy
Dukar

Låge prisar
Tlf: 53 48 63 46



Postboks 144
5463 USKEDALEN
Telf. 53 48 65 98
Fax. 53 48 65 04

Redaksjon:

Kjell Magne Haugland
Arne Rød

Stoff til bygdabrevet:

Fax: 53 48 61 33

e-mail:

arneroed@newmedia.no

Uskedal Ungdomslag

I jubileumsåret (Hurra vi er 110 år) vil Uskedal Ungdomslag med dette gi ut litt informasjon om laget vårt og om arrangementa som skal vera i haust.

Aktiviteten i laget er god på arrangement sida, men har store problemer med dei andre aktivitetane som er i huset.

Tildømes har vi ikkje barnelag, teaterlag og gamaldans for dei yngre. Rekrutteringa er for dårleg. Vi må prøva å få med meir av dei unge. Men alle arrangement er ikkje alltid like lett å få til. Som til dømes dansar og diskotek. Dette kjem av at det er mest uråd å få vakter. Laget vil så gjerne laga til arrangement men dette går ikkje utan vakter. Lensmannen krev 15-20 vakter og det tar lang tid for oss 4 i økonomigr. i telefonen for å skaffa så mange, då dei fleste vi spør ikkje har lyst vi jubler for kvart ja vi får. Det er ikkje lett å veta kven vi skal ringa til heller, prøver å gå på foreldra til ungdomane. Dessverre er da lite som skjer for ungdommen, så derfor slår dei seg laus når det først er noko på gong. Og i Uskedalen likar dei seg det er bindeleddet mellom bygdene, dei kjem heilt frå Halsenøy for å dansa i Helgheim. Første arrangement som blir no er basaren 18. Okt. då håpar økonomigr. på fullt hus. Har du ein liten ting å gje, så snakk med Olaug eller Rigmor. Takkar for dei fine gevinstane vi allerede har fått.

Dersom vi får nok vakter (ta kontakt med Rigmor eller Olaug dersom du kan stilla) så vil vi prøva å ha ein dans 24. okt

Hautffesten blir i år 31. okt. Åsane Ungdomslag skal syna spelstykket " Vi klarer oss så godt vi kan ". Atle Falck Bakke frå Omvikdalen er instruktør. Men for å redda oss økonomisk må vi selja minst 80 bilettar. Viss ikkje vert arrangementet avlyst. Bilettar kan du tinga hos Anne Kjersti tlf. 53486542 eller Kjell 53486585.

Vi har i år prøvd å laga tema kveldar, men med lite frammøte. Men vi prøver igjen 8. Nov, då kjem Margit Boge frå Indre Arna som skal visa eit lysbiletekåseri frå ei reise til Nord- Nepal , Zambia og Zimbabwe. Turen hennes er i samarbeid med Norad og FN - Sambandet. Møte med menneske og inntrykk frå Norad-prosjektet i desse landa.

Som tidlegare nevnt er vi inne i eit jubileumsår. Dette blir markert

Frå s. 2

med eit arrangement i Helgheim 28. Nov., der Aksel Kloster er festtalar. Ellers blir alle tidlegare nå levande formenn innvitert til festen. Teaterlaget skal syna eit gammalt teaterstykke. Røysterett for alle skal også ha eit innslag.

Året 1998 vert avslutta med enda eit tradisjonelt arrangement 5. Dags juletreffest.

Ellers er det mange ting på gong, både med huset og hytta. "Helgheim" skal få ein ansiktsoppløfting utvendig. Nye glas i heile huset og ny bordkledning i gavlavegg mot dalen og framsida. Dette blir gjort for å spara straumutgifter. Hytta er under arbeid, ny soveromsfløy blir bygd. Det er no råd å teikna part i hytta og det er også mulig å tinga hytta 1 mnd. På førehånd. Er det nokre spørsmål om hytta ring Tor Jarle Kjærland tlf. 53486588.

Vi skal ha Årsmøte 15. November.

Har du ønske om å vera med i laget, så ta kontakt med Kristian Bringedal som er i valgnemda. Særleg går da ei bøn til Ungdomen om å ta del i lagsarbeidet.

*Med helsing
Kjell Tungesvik
- formann -*

Basar i Helgheim

søndag 18. okt. kl. 17.00

Mange fine gevinstar

Servering av kaker og kaffi

Hauustfest i Helgheim

Laurdag 31. okt. kl. 20.00

Spelstykke: Vi klarer oss så godt vi kan

Matøkt

Dans: Brødrene Birkeland

Forhåndssalg av billettar: Tlf.: 53486542/53486585

Pris: kr. 150,-

Arr.: UUL

joker

NILSEN HANDEL A/S

5463 Uskedalen

Tlf.: 53 48 61 37

Sjå etter ukens

JOKER

Oppnåstider:

mand. - fred.: 9.00 - 19.00

laurdag: 9.00 - 15.00

afa AS

Myro 2 - 6 - Boks 94

5463 USKEDALEN

Tlf. 53 48 65 77

USKEDALEN SOLSENTER

Dropp inn solsenter
Utleige av Wolf solarium

Ope:

Man-tors.	10-20
Frei.	10-20
Laur.	11-20
Sønd.	11-22

Kvinnherad Solservice

Tlf. 53 48 61 96

Mobil: 94 10 68 47

Røssland Elektroservice

5463 Uskedalen

Rep.av

RADIO - TV -

VASK

KJØL - FRYS

Tlf. 53 48 64 89

Mobil: 945 00 440

**VI har
ledig
annonseplass.
Noko for
deg ?**



**Understellsbehandling
Utleige bil/hengjar
Sal av bilhengjarar
Redningsteneste**

**KVINNHERRAD
AUTO**

Tlf. 53 48 63 22 Mobil 926 40 546



NORDBOHUS
Idealhus as

Avdeling Kvinnherad, 5463 Uskedalen
Tlf.: 53 48 63 01

**Din lokale
Leverandør**



**Uskedal
Trelastlager**
5463 Uskedal – Tlf. 53 48 61 01

Gjer som oss – kjøp kvalitet

“Røysterett for alle” med i jazzprosjekt.

“Røysterett for alle” og Rosendal songlag i samarbeid med Fylkesmusikarane i Hordaland iviterer til eit forrykande musikalsk møte i Rosendal samfunnshus onsdag 28. okt.

Konserten heiter KOR TI og kora skal gjennomføra dette opplegget med topp jazzmusikarar. Musikarane har sjølve laga korsatsar til sine arrangement.

Samarbeidsprosjektet er prøvd med andre kor i Hordaland. Det har til no vore svært vellukka og vi er som kor svært heldige som får ta del i dette.

Det er kremmusikarar frå blues-, rock- og jazzmiljet i Bergen som utgjer ryggraden i konserten.

Dirigenten vår, Turid Anne Ruste, har øvd med samspelstoffet frå oppstarten etter ferien. Songane er varierte frå det rolege og vakre til det meir heftige og kraftfulle. Mykje er nyskrive og musikarane har sjølve komponert og arrangert stoffet.

Alle kor treng med jevne mellomrom vera med i samspelprosjekt. Det er utfordrande og vi lærer alltid noko i møte med andre songarar og dugande musikarar.

På konserten får ein også oppleve turnemusikarane i sin eigen avdeling. Repertoaret spenner vidt og vi torer lova deg ei stor konsert-oppleving.

Merk deg dagen: **Onsdag 28. okt. kl. 19.30**

Stad: **Rosendal samfunnshus**

FYLKESKONSERTANE
HORDALAND PRESENTERER

KORTI

JOHN MAGNAR BERNES
vokal, munnspel og gitar

PER JØRGENSEN
trompet, gitar og vokal

OLAV DALE
saxofon og fløyte

HELGE LILLETVEDT
piano og synthesizer

ØYSTEIN FOSSHAGEN
fele, mandolin, bass og gitar

IVAR KOLVE
slagverk

K O N S E R T

Jordmortenesta

“Beskikket til Jordemoder”

Fram til 1850 fanst det ikkje jordmor i bygdene våre. Amtmannen og distrikslegen pressa på og ville ha kommunane til å løyva pengar til jordmorløn. Arleg døydde 250 kvinner i barneseng i landet. Kvinnherad som andre kommunar, meinte det måtte vera nok med hjelpekonene.

I 1861 vart det løyvd pengar, - 16 spesiadalar og Kvinnheradd fekk si fyrste jordmor i Uskedalen.

Jordmortenesta vart seinare heimla i Lov av 19. des. 1889. Kwart fylke skal vera inndelt i jordmordistrikt med offentleg godkjent jordmor, - krav om fullført utdanning frå jordmorskulen.

“ En praktiserende Jordmoder har uden Ophold at begive sig til de Kvinder i Barnsnød, til hvilke hun bliver kaldt, medmindre hun ved Fødselshjelp hos anden eller ved Sygdom er hindret”

Anna J. Myklebust

Frå Breim i Nordfjord

Fødd : 1878

Død: 1962

Gift seg med Gjert Myklebust frå bnr. 13

Rabbastykkjet av gnr. 123 -Myklebust,
Uskedalen.

Jordmor fram til 1946

Område: Frå Ljosnes til Langåt (Husnes)

Distriktsjordmor Anna Jacobsdotter

Myklebust fekk Kongens fortjenestemedalje for lang og tru teneste i arbeidet sitt.

Då ho vart jordmor, laga far hennar dette skrinet til henne. Skrinet er ei gåve frå borneborna Steinar Myklebust, Reidar Myklebust og Gunvor Landa.

Fredsy Myklebust

Fødd: 20. mai 1919

Gift 1944 med drosjeeigar Bjarne J. Myklebust

1926 - 33: Uskedal Folkeskule

1940: Vinterkurs på Sunnhordland folkehøgskule

Praksis som barnepleierske, barnepike og hushjelp.

1941: 6 mnd. kurs i barne- og barsel-pleie på Bergen kommunale
Spedbarnshjem.

1941 - 42: Jordmorskule

Eksamen: 29. oktober 1942

Distriktsjordmor i område: Uskedalen til Utåker

Aktiv fram til 1981.

Jordmorsamlinga er ei gåve frå sønene:

Lars og Per Myklebust

Auto 88

AUTORISERT BILVERKSTED

• OPPRETTING • LAKKERING • BILELEKTRO



5463 Uskedalen

Telefon: 53 48 64 33

Privat: 53 48 60 38/53 48 64 69

ZJAKK

frisør & salong

5463 Uskedalen – Tlf. 53 48 65 66



Avd. USKEDALEN

Tlf: 53 48 61 08

Opningstider:

Mand - Torsdag : 9.00-17.00

Fredag : 9.00-18.00

Laurdag : 9.00-14.00


Bra utvalg i
festemateriell
verktøy og
arbeidsklær

MASKIN & UTSTYR

5463 USKEDALEN

Tlf./fax. 53 48 60 40 Mob. 945 57 083

UTSIKT FRÅ SKÅRHAUG



AS Eidsvik Skipsbyggeri

5463 Uskedalen, Norway, Tel. +47 53 48 62 02 Fax. +47 53 48 65 64 Fnr. 911 316 935



BRØDR. HJØNNEVÅG AS
5463 USKEDALEN
TLF. 53486422

Firma, lag og organisasjonar som gjennom tida har kjøpt partar i Uskedalen Utvikling, og støtta arbeidet:

AFA AS - AUTO 88 A/S - BJØRN OVE SUNDE BYGGM. - BRØDR. MYHRE SVEIS & MEK. VERKSTED - EIK BYGGEVERKSEMD - GOTFRED BAKKE BYGGM. - H. GUDDAL TRANSPORT - IDEALHUS A/S - JACOBINE HAUGLAND EFTF. - KORSNESET VEL - KVINNHERRAD TRAFIKKSENTER - KVINNHERRAD HANDEL A/S - KVINNHERRAD SPAREBANK - KVINNHERRAD MÅLARFORRETNING - NILSEN HANDEL - PAPPILON MOTEbutikk - RØSSLAND BILSENTER - SOLHEIM TURISTSTASJON - USKEDAL BÅTLAG - USKEDAL FRILUFTSLAG - USKEDAL HELSELAG - USKEDAL IDRETTSLAG - USKEDAL MUSIKKLAG - USKEDAL RØYRLEGGJARFORRETNING - USKEDAL TRELASTLAGER A/S - USKEDAL UNGDOMSLAG - USKEDALEN SVEIS - ZJAKK FRISØRSALONG.